



Vang kommune

ArkivSakID: 18/784
JournalpostID: 20/6125
ArkivID: PlanID-2018003
Saksbehandlar: Ingeborg Lunde

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
063/20	Hovudutval for utvikling	13.10.2020
067/20	Kommunestyret	15.10.2020

Reguleringsplan E16 Øylo-Hålimoen - sluttbehandling

Vedlegg:

07.10.2020	Utbedring av E16 Øylo-Hålimoen i Vang kommune; plankart klar for sluttbehandling	158190
17.09.2020	E16 Planbeskrivelse_Vang_	157796
17.09.2020	ROS-analyse Vang_	157798
17.09.2020	E16-5-Vang-støyrapport	157792
17.09.2020	Overvannshåndtering Øylo-Hålimoen	157793
17.09.2020	Merknadsrapport_Vang_høring nr2_	157799
17.09.2020	Merknadsrapport_varsel om planoppstart	157790
17.09.2020	Merknadsrapport_Vang_høring nr1	157791
17.09.2020	Samlerapport geoteknikk og ingenirgeologi med vedlegg og tegninger	157783
17.09.2020	Forprosjekt Ala bru	157784
17.09.2020	VA-raport Ala	157785
17.09.2020	VA-rapport Flomberegning Begna	157786
17.09.2020	VA-rapport VA-kulvert Ryfoss	157787
17.09.2020	E16 Øylo-Hande - skredfarerapport	157788
17.09.2020	Teknisk plan Vang	157781
07.10.2020	Notat gang- og sykkelveg Ryfoss -Tveit	158431
07.10.2020	E16 Reguleringsbestemmelser_Vang_	158627

Saksopplysningar:

Overordna føringar

Utbetningsstrekningar er omtala i Nasjonal transportplan 2018-2029 (NTP). I følgje NTP er formålet med utbetningsstrekningar å oppnå tilfredstillande standard over lengre strekningar. Tiltaket på strekninga Øylo- Hande er vidare spesifisert/konkretisert i handlingsprogram for riksvegar 2018-2023. Her er det sett av midlar til tiltaket, og det er skildra kva midlane skal gå til:

«Tiltak på delstrekningene Øylo-Ryfoss og Ryfoss – Hande prioriteres i perioden. Det legges opp til breddeutvidelse, forsterket midtoppmerking, kurveutbedring, forsterking av bæreevne, nye stikkrenner og drenering, tiltak mot utforkjøring (rekkverk og sideterreng) og nytt dekke. Dette gir sammenhengende god standard på over 30 km av E16 fra Hande i sør til Kvam i nord.»

Skildring av planen

Prosjektet har som hovudmål å redusere talet drepte og hardt skada i forhold til dagens situasjon, og

auke framkommelighet for person- og godstransport. Prosjektet omhandlar fem reguleringsplanar fordelt på tre kommuner. Denne reguleringsplanen gjeld strekninga på E16 mellom Øylo og Hålimoen i Vang kommune.

Stram økonomisk ramme har ført til at planforslaget har prioritert løysingar og tiltak som gjev høgast måloppnåing for trafiktryggleik og framkommelighet som samsvarar med skildringa i handlingsprogram for riksvegar 2018-2023. SVV konkluderer med at ein vil unngå flest framtidige ulykker ved å prioritere breiddeutviding, forsterka midtoppmerking, kurveutbetring, rekkverk og utbetring av sideterreng.

Planprosess

Jamfør plan og bygningsloven (pbl) §3-7 tredje ledd har Statens vegvesen region øst (SVV) utarbeida eit forslag til reguleringsplan for utbetring av E16 Øylo-Hålimo. Planprogrammet vart godkjent i kommunestyret den 11.04.2019 saksnummer 012/19. Gjennom planprosessen har det vore opne møter og opne kontordagar der grunneigarar, naboar og kommunen har hatt moglegheit til å kome med ytringar. Det har vore løpande dialog med rørte partar gjennom planprosessen. Sidan dette er ein statleg reguleringsplanprosess, er det SVV som oppsummerer og vurderer innkomne merknader. Det er kommunestyret som skal vedta planen jamfør pbl. §12-12.

Offentleg ettersyn og merknadsbehandling

Planen vart lagt ut til offentlig ettersyn i perioden 25.11.2019 - 20.01.2020. Det kom inn 24 merknadar til planen, inkludert motsegn frå Fylkesmannen (6 motsegner), Fylkeskommunen (2 motsegner) og NVE (3 motsegner), sjå vedlagt merknadsrapport for høyring nr. 1.

Fylkesmannen hadde 6 motsegner på følgjande:

- Barn og unge
- Støy
- Jordvern
- Samfunnstryggleik og beredskap
- Vassdrag
- Naturmangfald

Fylkeskommunen hadde 2 motsegner på følgjande:

- Vassdragsmiljø
- Kulturminne

NVE hadde 3 motsegner på følgjande:

- Vassdragskryssingar, vassdragsinngrep
- Flaum
- Skredfare

Plandokumenta vart justert for å møte motsegnene. Det har og blitt utarbeida fleire fagrapportar for blant anna vassdrag, handtering av overvatn og rapport for ny Ala bru.

Revidert planforslag vart lagt ut til 2. gongs offentlig ettersyn 17.06.2020 – 25.08.2020. Det kom inn 13 merknadar til reguleringsplanen ved 2. gongs høyring, sjå vedlagt merknadsrapport høyring nr. 2. Planforslaget har blitt korrigert i samsvar med kommentarane til kvar enkelt merknad, jamfør vedlagte merknadsrapport. Fylkeskommunen og Fylkesmannen har i sine merknadar trekt motsegnene frå 1. gongs høyring. NVE har i sin merknad trekt si motsegn til vassdragsmiljø og flom. NVE si motsegn som gjeld skred har blitt løyst ved at plankartet har blitt oppdatert slik at alle utbyggingsareal som er omfatta av aktsemdomsråde for skred er merka med omsynssone skred (H310). Det ligg difor ikkje lenger motsegn til planforslaget. SVV har vurdert at dei justeringane som

er utført i plandokumenta etter 2. gongs høyring ikkje krev at planen må leggjast ut på nytt offentleg ettersyn.

Planforslaget består av følgjande delar:

- Plankart og reguleringsbestemmelser
- Planbeskrivelse med konsekvensutgreiing
- Risiko- og sårbarhetsanalyse (ROS-analyse)
- Støyberekning
- Skredfarer rapport
- Geoteknisk rapport
- Teknisk planhefte
- Merknadsrapport
- Forprosjektrapport Ala bru
- Rapport for overvatn

Forholdet til nærliggjande reguleringsplanar

Føreslegen reguleringsplan vil grense til følgjande reguleringsplanar:

- E16 Kvamskleiva, planID 2011007.
- Utgard Næringsområde, planID 2016003. Det vil vere ei justering av avkøyring til industriområde og justering av formål mot E16, justeringa er liten.
- Skjefte fjelltak, planID 2016001. Planforslaget ivaretek avkøyring til fjelltaket.

Økonomiske konsekvensar:

Tidligere E16 ved Tveit/Svenskemoen er føreslege å bli kommunal veg, som gjev drifts- og vedlikehaldskostnadar til kommunen. Det er vegdirektoratet som er vedtaksmyndigheit for nedklassifisering av eksisterande riksveg og dette blir behandla i eigen sak.

Vurdering:

SVV har kommentert innkomne merknadar og tilrår at planen blir vedteke slik den ligg føre.

Endringane etter 2. gongs høyring er små justeringar, i korte trekk handlar dei om følgjande:

- Ala bru: koda om fareområde flom og ras, jamfør punkt 1.3 i merknadsrapporten.
- Vangsnes: stramma inn planområdet og bakt inn to landbruksavkøyringar, jamfør punkt 1.1 og 1.7 i merknadsrapport.
- Vangsnes: einssidig busslomme med parkering er vist i plankartet.
- Tveit: stramma inn planområdet.
- Ryfoss nord: bakt inn ekstra avkøyring, jamfør punkt 1.11 i merknadsrapporten
- Hålimoen: utvida *Annen veggrunn* i krysset, jamfør punkt 1.12 i merknadsrapporten. Bakt inn landbruksavkøyring, jamfør punkt 1.12 og 1.13. Koda om fareområde, jamfør punkt 1.3 i merknadsrapporten.
- Kulturminner: endring i føresegn 6.2 då kulturminner vart frigjeve.

Kommunedirektør støttar NVE si vurdering av at justeringane ikkje løyser ut nytt offentleg ettersyn og legg difor planen fram for sluttbehandling i kommunestyret.

Reguleringsplanen synast godt gjennomarbeidd. Motsegn frå NVE, Fylkesmann og fylkeskommune frå 1. gongs høyring er utbetra gjennom drøftingar og trekt ved 2. gongs høyring. Forhold knytt til landskapsbilde, nærmiljø og friluftsliv, naturmangfald, kulturmiljø og kulturminne, trafikk og trafikktryggleik, naturressursar, konstruksjonar, handtering av overvatn, grunnforhold og skred, massebalanse og massehandtering og støy er utgreidd i planbeskrivinga. Det er utarbeidd ROS-analyse, støyrapport, rapport for handtering av overvatn, rapport for geoteknikk og ingeniørgeologi,

skredfarerapportar og flomberekningar.

Følgjande tema er ynskt drøfta særskilt:

Gang og sykkelveg

Planforslaget legg ikkje opp til heilskaplege løysingar for mjuke trafikantar langs E16. SVV viser til handbok N100 som seier at dersom potensialet for talet gåande og syklende langs vegen overstig 50 i eit normaldøgn, eller strekninga er skuleveg, bør eigen gang- og/eller sykkelveg bli etablert. Alternativt bør gang- og sykkeltrafikken bli avvikla på lokalt vegnett. SVV vurderer at gevinsten med å etablere gang- og sykkelveg ikkje vil vege opp for dei omfattande ulempe med beslag av dyrka mark, innløysing av bebyggelse, konflikt med kulturminner og eksisterande avkjøyringar. SVV viser og til at ulykkesstatistikken som viser at trafikkulykkene med drepne og hardt skada skuldast møteulykker og utforkøyringsulykker. SVV meiner at forsterka midtoppmerking, sikring av sideterreng og utbetring av kurver til gje størst gevinst for å skåne menneske mot framtidige alvorlege trafikkulykker på E16 mellom Øylo og Hålimoen. Dette samsvarar og med tildelinga av midlar i NTP og vidare spesifisering i handlingsprogram for riksveggar 2018-2023.

Vang kommune har lenge arbeida for ein gang- og sykkelveg mellom Ryfoss og Tveit. Den er trekt fram som eit viktig tiltak i Trafikktryggleiksplanen til Vang, vedteken 17.12.2105, og i folkehelseoversikta til kommunen, vedteken 16.4.2020. I folkehelseoversikta er den trekt fram som eit tilrådd tiltak som kan skape større fysisk aktivitet, god psykisk helse og livskvalitet/trivsel. Barn- og ungdom som spelar fotball på Tveit blir mange av dei frakta med bil. Det vil såleis også vere eit positivt klimatiltak å redusere bruken av bil på fritidsaktivitetar.

Med nytt bustadfelt i Ryfoss er det auka behov for ny gang- og sykkelveg. Kommunen ser likevel at dette ikkje er ein del av det midlane i prosjektet er sett av til. Kommunen vil difor halde fram arbeidet med gang- og sykkelveg for Ryfoss – Tveit, og søke å få dette utført som eit seinare prosjekt. I den samanheng har administrasjonen på vegne av arbeidsgruppa utarbeida eit notat som viser to forslag til løysing av gang- og sykkelveg inkludert prisestimat. Sjå vedlegget *Notat gang- og sykkelveg Ryfoss – Tveit*. Det er ynskjeleg med ei politisk drøfting, med utgangspunkt i notatet, for å avklare kva kommunen gjer vidare.

Busstopp og tiltak for kollektivreisande

Det er lagt opp til å vidareføre dei fleste av dagens busshaldeplassar, men at enkelte blir flytt og slått saman til stadar der det er betre sikt og areal til å etablere lehus. Det er i dag ein einssidig busshaldeplass på strekninga Øylo – Hålimo, som ligg i Ryfoss. I planforslaget er det planlagt å etablere også ein einssidig busshaldeplass på Vangsnes. Dette er uheldig med tanke på ekspressbussane som er avhengig av å ha ei mest mogleg effektiv rute med korte stopp. Vegvesenet har henta inn tal frå ekspressbussen og i 2018 var det 59 påstigningar på Vangsnes. Frå Vang kommune er det henta inn framskrivne tal på born ved busshaldeplassar ut i frå bustad. Ved Vangsnes/nedre del av Tørpegardsvegen er talet elevar i 2020/2023 4-8 barn. I løpet av eit år vil det vere fleire påstigningar av skulebarn samanlikna med påstigningar på ekspressbussen. Ei einssidig løysing vil redusere behovet for å å krysse og gå langs E16, noko som vil gje ein tryggare skuleveg.

I Ryfoss er det fleire påstigningar på ekspressbussen, 969 påstigningar i 2018, men det er og ei større gruppe skulebarn. Talet elevar i 2020/2023 er 39 barn av dette er det 17 stk som blir transportert med drosje. Vegvesenet held fast på einssidig busstopp her, både av omsyn til skulebarn men og arealutfordring med nærleik til vassdrag og busetnad. Det er lagt inn ein bestemmelse i reguleringsplanen at det ved einssidige haldeplassar skal bli vurdert å sette opp lyssignal for å hindre unødvendige stopp for ekspressbussane. Kommunen støtter SVV si vurdering i at barn- og unge sin tryggleik må prioriterast, og einssidig løysing ved Vangsnes og Ryfoss difor blir vald.

Det er planlagt tosidig busstopp på følgjande stader:

- Mellom Ala camping og Hugali, profil 3250 og profil 3400
- Tveit, profil 6000 og profil 6050
- Kvismoen, profil 8650

Jordvern

Det er i planforslaget lagt opp til fleire tiltak for å hindre bruk av dyrka mark; det er lagt opp til smale anleggsbelte på dyrka mark, og skjæring og fylling inntil dyrka mark blir stramma opp til 1:1,5 for å minimere beslag av dyrka mark. Der det ikkje er busetnad og dyrka mark på begge sider av E16, er det forsøkt å ha ei einisidig utviding av E16 mot den sida som ikkje har busetnad og/eller dyrka mark.

I planbeskrivinga side 53 står det at prosjektet vil legge beslag på om lag 15 daa fulldyrka jord. Så blir det skreve at prosjektet vil attendeføre om lag 7 daa vegareal til arealføremål LNFR. Planavdelinga i Vang kommune presiserte i merknad til 1. gongs høyring at attendeføring til LNFR-føremål ikkje er det same som attendeføring til fulldyrka jord. Planavdelinga oppfordra SVV til å gjere ei vurdering av kvar SVV kan dyrke opp i nærleiken av veganlegget for å få eit betre arealrekneskap, og la med forslag på nokre konkrete areal som kan dyrkast opp. I SVV sitt svar til kommunen er SVV klar på at det ikkje er aktuelt å ta med areal som ligg utanfor planområdet, men dersom grunneigarar innanfor planområdet skaffar nydyrkingstillatingar på sin eigedom, kan det vere ei løysing at jord frå prosjektet kan bli tilført desse areala. Kommunen føreset at SVV følgjer opp evt. grunneigarar som søker om nydyrkingstillating og at aktuelle areal blir teke med ved utarbeiding av detaljplan for anleggsverksemda.

Føresegn 2.9 i planen skildrar korleis slik jord skal handterast:

«Statens vegvesen skal i forbindelse med detaljplan for anleggsvirksomheten utarbeide særskilt plan for avtaking, mellomlagring og transport, eventuell tilbakeføring, av jord til dyrka mark. Matjord (A-sjikt) som blir berørt skal tas av og mellomlagres separat. For områder som skal tilbakeføres til fulldyrka jord, skal rotsonelaget (B-sjiktet) behandles på samme måte. All matjord bør håndteres innenfor den enkelte eiendom. Jordbruksdrenering som blir berørt av anlegget skal reetableres.»

Det er elles i planføresegnene innarbeidd krav om istandsetting av tidligare vegareal, med tidsavgrensing i føresegn 3.3 tredje avsnitt. Det er og krav til midlertidige anleggsområder over dyrka mark i føresegn 6.1. andre og tredje avsnitt. Med desse føresegnene vurderer kommunen at omsynet til jordvern er tilstrekkeleg ivareteke.

Naturmangfald

Naturmangfoldloven (lov av 19.6.2009 nr. 100) §7 slår fast at prinsippa i loven §§ 8-12 skal ligge til grunn for utøving av offentleg myndigheit.

- §8 I arbeidet med reguleringsplanen har SVV henta inn informasjon frå Naturbase, Artsdatabanken, Grunnforurensningsdatabasen, Hjorteviltregisteret mm. I tillegg er det brukt data frå Statens vegvesen sine eigne registreringar av artsrike vegkantar. For kunnskap om fiskeførande sidevassdrag er det brukt lokalkjente ressursar med detaljert kjennskap til mindre vassdrag. Den eksisterande situasjonen er skildra, og det er omtala kva konsekvensar planforslaget har på naturmangfaldet med forslag på tiltak som skal innarbeidast. Kommunen vurderer kunnskapsgrunnlaget som godt, jamfør §8, på heile strekninga unnateke Lomendeltaet.
- §9 Føre-var-prinsippet jamfør §9, trer inn når det er eit utilstrekkeleg kunnskapsgrunnlag. I Lomendeltaet er det ein vurdering av at rigg- og anleggsområdet kan gje forstyrning i trekket og for hekking og det vil bli vurdert tidsavgrensing for anleggsarbeidet som eit føre-var-prinsipp.
- §10 §10 seier at ein skal vurdere den samla belastninga eit økosystem blir utsett for. Dei fiskeførande vassdraga i planområde har blitt sett av til arealformål «bruk og vern av sjø og vassdrag». I føresegnene til dette arealformålet er det sett tidsavgrensing for fysiske inngrep i fiskeførande vassdrag, slik at anleggsarbeid berre kan gjennomførast i perioden 15. juni – 15.

september. Det er likevel gjeve tilgjenge til å arbeide i vassdraget gjennom ein vintersesong grunna arbeidsomfang og for å sikre gjennomføring av prosjektet. Det er bra for fiskebestanden at ein får konsentrert anleggsarbeidet til berre ein vintersesong/gytesesong slik skadane på fiskebestanden berre gjeld ei årsklasse.

§11 Statens vegvesen vil dekke kostnadane for naudsynte miljøtiltak som er naudsynte ved gjennomføring av prosjektet, slik sett er §11 svara ut.

§12 Miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar, jf §12, er godt beskrive i kapittel 3.5 i planbeskrivinga og vil bli innarbeidd som ein del av plan for ytre miljø, som skal følgje prosjektet. Tiltaket utfylling i Begna ved Vangsnes inkludert omlegging av Puttebekken og kryssing av Ala med ny bru må omsøkes etter laks- og innlandsfiskeoven etter at detaljplanlegginga er gjennomført og før oppstart av arbeida.

Vassforskrifta §12

SVV vurderer at med dei tiltaka som er omtala for inngrep i vassdraga så er det ingen inngrep som vil føre til endring i økologisk eller kjemisk tilstand i vassdraget. Fylkeskommunen, Fylkesmannen og NVE hadde alle etter 1. gongs høyring motsegn på forhold kring vassdragmiljø, men etter tilleggsutgreiingar, drøftingar og noko endring av plandokument, har dei trekt motsegnene.

Det er i planføresegnene mellom anna stilt krav, slik som:

- Ved etablering av fylling i vassdraget, skal sprengstein som blir brukt vere av bergartar som ikkje er nåledannande og som inneheld lite finstoff (føresegn 4).
- I utfylling sør for Vangsnes skal det brukast overflatetett siltgardin, og det skal vere regelmessig overvaking av partikkelspreiing og vassprøvetaking for å sikre funksjonen til siltgardina (føresegn 4).
- Ein skal legge til rette for reetablering av kantsone med høgare vegetasjon i fylling mot vassdrag, ikkje berre dei fiskeførande (føresegn 5.4).

Kulturminner

Kommunedirektør stadfester at SVV har lagt inn eigen føresegn (føresegn 6.2) knytt til kulturminne ID260763, ID260780 og ID260762 slik fylkeskommunen føreslår.

Lys ved avkøyning Ryfoss

På grunn av breiddeutviding av E16 ved Ryfoss, vil eksisterande gatelys langs E16 bli fjerna. Det er ikkje lagt inn føresegnene om at nye skal setjast opp.

Parkeringslommer

- Parkeringslomme ved Ryfossen, aust for avkøyning til Ryfoss sentrum er ikkje med i planforslaget. Det blir lagt opp til utbetring av grøfta mot vassdraget, og breiddeutvidinga vil skje på motsett side. Ryfoss er i kulturminneplanen til Vang, trekt fram som eit ein tettstad i Vang som skil seg ut som ein del av den industrielle utviklinga i fyrste halvdel av 1900-talet. Med fossen som kraftkjelde vart det etablert handel og småindustri her. Parkeringslomma er ein stoppeplass med fint skode ut over fossen. På bakgrunn av dette vurderer kommunedirektør at parkeringslomme ved Ryfossen må behaldast.
- Rasteplass ved Tumleøygarden, aust for Vangsnes. Dagens rasteplass kjem i konflikt med ny veglinje for E16. Det er i føresegn 3.3 opna opp for at gamel vegsløyfe ved profil 4950-5075 kan nyttast som rasteplass, men det er ikkje vist i plankartet med arealformål for dette.

Med bakgrunn i utgreiinga ovanfor tilrår kommunedirektør at planforslag Reguleringsplan E16 Øylo – Hålimoen, planID 2018003, blir vedteke.

Framlegg til vedtak:

Kommunestyret støttar seg på dei vurderingane kommunedirektør har gjort i saka.

Med heimel i plan- og bygningslova kapittel 12 -12 vedtek kommunestyret reguleringsplan E16 Øylo – Hålimoen, planID 2018003, med følgjande endring:

- Parkeringslomme ved Ryfossen, på sørsida av E16, innarbeidast i plankartet.

Kommunen føreset at SVV følgjer opp grunneigarar som søker om nydyrkingstillating og at aktuelle areal blir teke med ved utarbeiding av detaljplan for anleggsverksemda.

Dette vedtaket er eit enkeltvedtak og det er klagerett jamfør forvaltingslova §28.

Hovudutval for utvikling 13.10.2020:

Behandling:

Tillegg til framlegg til vedtak, foreslått av Bjørn Olav Søndrol, Arbeiderpartiet

. Eksisterande gatelys langs E16 i krysset ved innkjøringa til Ryfoss må settast oppatt etter utbreiing av vegen

. Rasteplass/parkeringsplass ved Thumleøygarden på nord og sørsida av vegen må innarbeidast i plankartet og det er behov for toalett

. Ber Vegvesenet om å vurdere gatelys ved bussholdeplassar på strekningen

Kommunen må sette av midlar til preosjektering av gang-og sykkelveg frå Ryfoss til Tveit.

Framlegg til vedtak frå kommunedirektør med tillegg frå Hovudutval for utvikling samrøystes vedteke.

HU- 063/20 Vedtak:

Kommunestyret støttar seg på dei vurderingane kommunedirektør har gjort i saka.

Med heimel i plan- og bygningslova kapittel 12 -12 vedtek kommunestyret reguleringsplan E16 Øylo – Hålimoen, planID 2018003, med følgjande endring:

- Parkeringslomme ved Ryfossen, på sørsida av E16, innarbeidast i plankartet.

Kommunen føreset at SVV følgjer opp grunneigarar som søker om nydyrkingstillating og at aktuelle areal blir teke med ved utarbeiding av detaljplan for anleggsverksemda.

Dette vedtaket er eit enkeltvedtak og det er klagerett jamfør forvaltingslova §28.

. Eksisterande gatelys langs E16 i krysset ved innkjøringa til Ryfoss må settast oppatt etter utbreiing av vegen

. Rasteplass/parkeringsplass ved Thumleøygarden på nord og sørsida av vegen må innarbeidast i plankartet og det er behov for toalett

. Ber Vegvesenet om å vurdere gatelys ved bussholdeplassar på strekningen

Kommunen må sette av midlar til preosjektering av gang-og sykkelveg frå Ryfoss til Tveit.

Kommunestyret 15.10.2020:

Behandling:

Tillegg til framlegg til vedtak:, foreslått av Erlend Eggen, Miljøpartiet Dei Grøne

Undergangen ved Ryfoss sentrum bør ivaretas ved utbedring av E16, det bør i tillegg sørges for at det blir tilstrekkelig plass til å anlegge sikret sti mellom E16 og Ryfossen. Målsettingen er å utnytte attraksjonskraften til Ryfossen og legge til rette for mer handel i sentrum fra de som ønsker å stoppe og se.

Tillegg til framlegg til vedtak:, foreslått av Marit Andrisdotter Kvam, Senterpartiet
Det bør arbeidast inn moglegheit for kryssning av gangveg gjennom Kvismokrysset

Tillegg til framlegg til vedtak:, foreslått av Elisabeth Myhre, Arbeiderpartiet

- Eksisterande gatelys langs E16 i krysset ved innkjøringa til Ryfoss bør settat oppatt etter utbreiing av veggen
- Rasteplass/parkeringsplas ved Thumleøygarden på nord og sørsida av veggen bør innarbeidast i plankartet og det er behov for toalett
- Ber Vegvesenet om å vurdere gatelys ved bussholdeplassar på strekningen

Tillegg til framleg til vedtak:, foreslått av Erlend Haaverstad,

- Kommunestyret vedtek at vedtaket HU-063/20 er ugyldig med heimel i fvl. §2

Framlegg til vedtak med samtlige tillegg: samrøystes vedteke

I framlegget frå SP vart det stemt over å fjerne setninga: I forbindelse med trafikkauke på gydavegen som konsekvens av utbedring av kvismokrysset må det etablerast fartsdumper ved Høre barnehage. 8 stemte for å fjerne den og 3 i mot.

Det var stemt over om ein skulle endre ordlyd frå skal til bør tillegga: samrøystes vedteke

Det var stilt spørsmål om habilitet på følgjande representantar:

Vidar Eltun (AP), Bjørn Olav Søndrol (AP), Tom Kjetil Tørstad (SP), Leif Søndrol (AP), Stein Inge Sæternes (BIV), Geir Kongslie (SP),

jf. forvaltningslova §6 vart dei seks representantane erklært inhabile og forlèt bordet ved handsaming av saka. - samrøystes vedteke.

Varaordførar Marta Bjørnøy Lalim gjekk inn som ordstyrar.

Arealplanleggjar Ingebord Lunde la fram saka.

KS- 067/20 Vedtak:

Kommunestyret støttar seg på dei vurderingane kommunedirektør har gjort i saka.

Med heimel i plan- og bygningslova kapittel 12 -12 vedtek kommunestyret reguleringsplan E16 Øylo – Hålimoen, planID 2018003, med følgjande endring:

- Parkeringslomme ved Ryfossen, på sørsida av E16, innarbeidast i plankartet.
- Kommunen føreset at SVV følgjer opp grunneigarar som søker om nydyrkingstillating og at aktuelle areal blir teke med ved utarbeiding av detaljplan for anleggsverksemda.

Dette vedtaket er eit enkeltvedtak og det er klagerett jamfør forvaltningslova §28.

- Undergangen ved Ryfoss sentrum bør ivaretas ved utbedring av E16, det bør i tillegg sørges for at det blir tilstrekkelig plass til å anlegge sikret sti mellom E16 og Ryfossen. Målsettingen er å utnytte attraksjonskraften til Ryfossen og legge til rette for mer handel i sentrum fra de som ønsker å stoppe og se.
- Det bør arbeidast inn moglegheit for kryssning av gangveg gjennom Kvismokrysset
- Eksisterande gatelys langs E16 i krysset ved innkjøringa til Ryfoss bør settat oppatt etter utbreiing av veggen
- Rasteplass/parkeringsplas ved Thumleøygarden på nord og sørsida av veggen bør innarbeidast i plankartet og det er behov for toalett

- Ber Vegvesenet om å vurdere gatelys ved bussholdeplassar på strekningen
- Kommunestyret vedtek at vedtaket HU-063/20 er ugyldig med heimel i fvl. §2